



Arkivnr: 2018/10538-2
Saksbehandlar: Halfdan Wiberg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		27.11.2018
Fylkesutvalet		06.12.2018
Fylkestinget		11.12.2018

Askøy vgs - Samarbeidsavtale med Askøy kommune

Samandrag

I sak om romprogram for Askøy vgs fatta fylkestinget vedtak 12.06.18, sak PS 47/2018. Punkt 2 i vedtaket har følgjande ordlyd:

«Det er ønskeleg med samlokalisering og sambruk med vaksenopplæringa til Askøy kommune og felles løysingar med kommunen for tekniske anlegg for energi, boss og parkering. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å etablera ein avtale med Askøy kommune for desse områda inkludert avtale for leige av idrettsareal i det planlagde idrettsbygget.»

Det har vore fleire møte med Askøy kommune for å klarleggje behov og avklare grensesnitt i byggesakene på Myrane. Dette har resultert i ein samarbeidsavtale som seier kva areal Askøy kommune skal leige i Askøy vgs, kva idrettsareal fylkeskommunen skal leige i ny Askøyhall og kva for byggegrunn som skal makeskiftast.

Areala Askøy kommune skal leige i Askøy vgs er areal til vaksenopplæring og ein utvida auditorium/kultursal. Tilleggsareal som Askøy kommune skal leige av HFK vil vere:

Vaksenopplæring: 1 595 m²
Utviding av auditorium: 600 m²
Tilleggsareal kulturdel/scene: 260 m²
(Alle tal er bruttoareal)

Partane har teke atterhald om politisk godkjenning av samarbeidsavtalen. Kommunestyret i Askøy vedtok den 01.11.2018 å inngå avtalen med HFK.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte samarbeidsavtale vert godkjent.

Økonomi: Byggekostnader for tilleggsareal for Askøy kommune på 2 455 m² er berekna til kr 68 mill. (eks mva). Leigeinntekter for areala frå Askøy kommune er i samarbeidsavtalen kr 5 581 000 pr. år, og dei auka byggekostnadene vil verte nedbetalt i leigetida.

Klima: Skulen skal byggast med trekonstruksjonar og sertifiserast som Breeam excellent. Varmekjelde blir bergvarme og skulen får solcelleanlegg for straumproduksjon.

Folkehelse: Nybygg og rehabilitering vil føre til betre inneklima. Konkurransen legg opp til sosiale møteplassar, trygge læringsareal og eit utvida tilbod for lokalsamfunnet.

Regional planstrategi: Skulen er sentralt plassert i eksisterende skule- og helseklynge rett nord for regionsenteret Kleppestø. Auditorium/kultursal vil gi styrking av attraktivitet for området og bruk også ut over vanleg skuletid.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte samarbeidsavtale vedrørende Myrane mellom Askøy kommune og Hordaland fylkeskommune.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtalar som oppfølging av samarbeidsavtalen, jf. punkt 10 i samarbeidsavtalen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Samarbeidsavtale med Askøy kommune
- 2 Kartvedlegg

Fylkesrådmannen, 12.11.2018

Askøy kommune har vedteke å rive eksisterande idrettshall på Myrane og bygge nytt idretts- og svømmeanlegg innafor området (Askøyhallen).

HFK har behov for å leige areal i den nye idrettshallen til kroppsøving, og Askøy kommune har på si side behov for å leige undervisningslokale for vaksenopplæring samt areal til auditorium i den vidaregåande skulen på Myrane som skal rehabiliterast og få eit tilbygg.

I sak om romprogram for Askøy vgs fatta fylkestinget vedtak 12.06.18, sak PS 47/2018. Punkt 2 i vedtaket har følgjande ordlyd:

«Det er ønskeleg med samlokalisering og sambruk med vaksenopplæringa til Askøy kommune og felles løysingar med kommunen for tekniske anlegg for energi, buss og parkering. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å etablere ein avtale med Askøy kommune for desse områda inkludert avtale for leige av idrettsareal i det planlagde idrettsbygget.»

HFK og Askøy kommune har forhandla seg fram til ein avtale om samarbeid som inneheld hovudprinsippa i dei avtalane som vil verte inngått seinare. HFK vil etablere lokale for vaksenopplæringa i Askøy kommune samt tilstrekkeleg areal til auditorium, og Askøy kommune vil etablere nødvendige idrettsareal på Myrane for å dekke behova den vidaregåande skulen har til gymnastikk. Gjennom samarbeidsavtalen vil partane ha føreseielege rammevilkår, og vere gjensidig forplikta til å gjennomføre prosjektet.

Seinare avtalar som partane skal inngå som oppfølging av samarbeidsavtalen vil vere leigeavtalar, avtale om gjennomføring av byggearbeid, driftsavtale og avtale om dekning av kostnader til infrastruktur.

For å få best mogleg plassering av nybygg for idrettshall og vidaregåande skule, vil partane gjennomføre makeskifte av delar av areala.

Gjennom koordinering av byggearbeida vil begge partar få ein god byggeperiode og unngå at det vert behov for transport av elevar til andre skular eller til andre idrettsfasilitetar i denne perioden.

Prosjektet legg i vidare planlegging opp til felles løysingar for tekniske anlegg for energi og parkering.

Areala Askøy kommune skal leige av HFK i Askøy vgs gjer det nødvending med følgjande tilleggsareal:

Vaksenopplæring:	1 595 m ²
Utviding av auditorium:	600 m ²
Tilleggsareal kulturdel/scene:	260 m ²

(Alle tal er bruttoareal)

Totalt vert dette 2 455 m².

Økonomi

- Byggekostnader for tilleggsareal til Askøy kommune på 2 455 m² er rekna til kr 68 mill. eks. mva.
- Leigeavtale med Askøy kommune finansierer auka byggekostnader. Leigeavtalen vil vere på 15 år med opsjon på 5 år.
- Leigeinntekter for vaksenopplæring er kr 3 509 000 pr. år (eks mva)
- Leigeinntekter for auditorium med tilleggsareal er kr 2 072 000 pr. år (eks mva). Kommunen har frist til 01.12.2018 med å trekke elementet om utvida auditorium ut av samarbeidsavtalen.
- Leigeutgifter for areal i idrettshall er sett til kr 1 408 000 pr. år (pr. oktober 2018)
- Arealfordeling av byggegrunn (makeskifte) gjeld like store areal. Dersom den eine parten likevel skulle få tilført meir areal enn den andre, er det fastsett ein kvadratmeterpris som skal nyttast.

I sak PS 47/2018, der fylkestinget godkjente rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet, er kostnadsramma rekna til kr 470 mill. inkl. mva. I vedtaket er det òg lagt føringar for det vidare samarbeidet med Askøy kommune for å få til sambruk og samarbeid. Kostnadsauken på kr 68 mill. eks. mva knytt til

arealbehov for Askøy kommune (kr 85 mill. inkl. mva) kjem i tillegg og er teke med i framlagd budsjett for 2019 og økonomiplan for perioden 2019 - 2022. Leiga for desse areala vil nedbetala dei auka byggekostnadene i leigetida.

Anna

Partane har teke atterhald om politisk godkjenning av samarbeidsavtalen. Kommunestyret i Askøy vedtok den 01.11.2018 å inngå avtalen med HFK. I tillegg er det teke atterhald om godkjenning av byggesøknadene for ny vidaregåande skule og Askøyhall.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte samarbeidsavtale vert godkjent, og at fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtalar som oppfølging av samarbeidsavtalen, jf. punkt 10 i samarbeidsavtalen.